



Årsmelding for år 2011.

Årsmøtet vart halde i Sørre Hemsing mandag 21.februar 2011.

Det var 5 deltararar. Me hadde og ekstraordinert årsmøte onsdag 13.april, der rekneskap for 2010 vart godkjent. Her var det og val for 2011.

Val av nytt styre:

Leiar: Ingrid Skavhaug (ny)

Styremedlem: Ivar Hemsing (ny som styremedlem)

Skrivar Oddbjørn Skeie (ikkje på val)

Kasserar Jan Sparstad (ny)

Ungdomsrepresentant Jørgen Andrisson Kvam(ny)

Revisorar: Arne Belsheim og Boye Thorpe (attval)

Valnemnd: Inger Mona Bjertnes(1 år til)
Bjørg Berge (ny)

Medlemstal: Pr. 31.12.2011 var det 44 namn på lista, ein meir enn i 2010! Av dei 44 var det 14 stk. som ikkje hadde betalt medlemskontingent ved årsskiftet.

FolkOrg., gjer i brev datert 23.01.2012, greie for noko av årsaka til ein stor nedgang i medlemstalet for heile landet i 2011. På grunn av overgang til eit nytt medlemssystem, Styreweb, var det mange som ikkje fekk tilsendt giro og det vart heller ikkje sendt ut purring til alle som skulle hatt.

Vi vèl derfor å tru at dei fleste som ikkje har betalt i 2011, likevel vil halde fram som medlemme når giro blir sendt ut i år.

Om instrumenta i laget: Det vart vedtak om å kjøpe nye bøger og ryggsekker/skrin til å ha på ryggen til alle tre hardingfelerne. Laget har og fått tre feler av Arvid Ivan og Solveig Jacobsen Myhre. Desse vil bli brukt til opplæring av yngre i felegruppa.

I laget sitt eige:

Ein langeleik
Tre hardingfeler
Tre mindre vanlege "flatfeler".
Ein kontrabass
Instrument i Rockeverkstad. (To mixerer, div stativer, mikrofoner, kabler og høgtalarar)

Satsane for utleige av instrument er økt til kr. 350,00 pr. halvår.

Styremøte: Styret har hatt to møter, pluss litt ekstra møteaktivitet rundt Vangsleiken.

Velkomstkoncert for Solveig Fiske i Vang kyrkje 4.mai 2011:

Anne Lajord Belsheim sang to sanger og Laura Ellestad spela hardingfele; ein halling og ein lydarlått. Anne Heidi Kvam Hillestad spela langeleik på kvota til Vang kulturskule.

Kappleikar:

Valdreskappleiken. Laurdag 2.april spelte Laura Ellestad, Randi Før, Oddbjørn Skeie og Ivar Hemsing til dans på kvelden i anledning Begnajom sin lokalkappleik for Valdres. Elles på kappleiken så deltok Anna Ødegården og Anne Heidi Kvam Hillestad på langeleik, Jørgen Andrisson Kvam og Solveig Vatn Weisser på hardingfele.

Tora Skavhaug Vik vant i sumar kl B dans/hardingfele på **Landskappleiken** (Voss), og har med det kvalifisert seg til A-klassedansar. Her spelte og Valdres juniorspelemannslag, her var Sigrid Daae Mæland og Tora Skavhaug Vik med. Tora deltok også i dans på **Jørn Hilme stemnet**. Her spelte og Tørstad & co. og felegruppa til dans kvar sin kveld.

Strunkeveko:

Det var fire deltakarar frå Valdreskvelven i år. Våre medlemmer vart også i år støtta med kr.600,00 frå laget. Alle fekk også kr. 600,00 i stønad frå Vang kommune.

Årsmøte Valdres folkemusikklag. Ingrid Skavhaug og Oddbjørn Skeie møtte som utsendingar for Valdreskvelven.

Vangsleiken laurdag 12.11.2011 på Åsvang:

Me starta med uhøgtidleg kappleik kl 18.00. Tom Kjetil Tørstad vant denne. KL 19.30 konsert med gruppa TRE (Ingvild Lie, Harald Høyvik og Lars Skattebu). Etterpå fekk Tom Kjetil Tørstad Sylvfela, som er den høgaste utmerkinga i Valdreskvelven. Han får den for sitt arbeid innafor toraderspel, som instruktør og miljøskapar, og for sine resultater innafor kappleikspel. Han har mellom anna fått kongepokalen for sitt toraderspel. Tora Skavhaug Vik, Laura Ellestad og Ole Kristian Fredriksen fekk Sølvknappen, for ekstraordinær innsats og gode resultat. Etterpå var det dans med Tørstad & co. og felegruppa til Valdreskvelven. Me synest at dette var ein særslig vellukka kveld, både den uformelle kappleiken, konserten og festen etterpå. Det var god gammeldags musikk og dansestemning!



Ole Kristian Fredriksen og Tom Kjetil Tørstad

Aktivitetar:

Fele

Det har vore 12 feleøvingar på våren, og 8 på hausten. Dette blir totalt 20 øvingar gjennom året, under leiing av Laura Ellestad.

Trekkspel / Torader / Kontrabass

Tørstad har også ofte spela til dans rundt om i Valdres. Ikkje faste øvingar i regi av Valdreskvelven. Ole Kristian Fredriksen fekk Drømmestipendet. Dette er eit stipend som Norsk tipping gjev til 100 talentar i Norge. Søknadane går via Vang kulturskule.

Langeleik

Dei unge går i Kulturskulen og har Bjørg Berge som lærar. Dei vaksne har framleis ikkje kome i gang med felles spelning.

Dansekveldar

Valdreskvelven har ikkje hatt faste dansekveldar dette året, men me har vore invitert til Vestre Slidre folkemusikk og danselag på dansekveldar. Her har me vore med både dansarar og felespelarar.

Aktivitetslogg:

11. februar.: Spelemannslaget spelte på Valdres Scene etter konsert med Sigrid Moldestad. 6 spelemenn deltok.

20. mars.: Tora Skavhaug Vik spelte hardingfele på Valdres mållag sin årsfest.

8.-9. april: Spelkurs med Leif Rygg i Vestre Slidre, i samarbeid med Vestre Slidre folkemusikk- og dansarlag. Konsert på Kvamshall om kvelden den 9. april.

28.mai: Vang kulturskule sin teaterforestilling i Gamle Kvam. Laura Ellestad, Oddbjørn Skeie og Jørgen Kvam spelte hardingfele, medan Kari Hagaseth sang.

29.juli: Felegruppa under leiing av Laura Ellestad med Biribakken på kontrabass spelte til dans under Jørn Hilmestemnet Valdres folkemuseum.

30.juli: Tom Kjetil Tørstad & co spelte til dans under Jørn Hilmestemnet på Valdres folkemuseum.

Anna:

I samband med tildelinga av «Drømmestipendet» til Ole Kristian Fredriksen i Heensåsen kyrkje, overrekte Valdreskvelven v/Ingrid, blomster og helsing frå laget.

29.oktober: Åresfest for Knut Steinsrud i Øystre Slidre. Valdreskvelven var representert på denne flotte kvelden, til minne om folkemusikkentusiasten og dansaren Knut Steinsrud. Det var Øystre Slidre spel og dansarlag som hadde laga til denne markeringa. Ivar Hemsing sa fram helsing.

25.november vart Trygve Bolstad tildelt Sør-Aurdal kommune sin kulturpris. Ingrid representerte Valdreskvelven, og overrekte blomster, sølvpin (bukkehorn) og ei helsing frå Valdreskvelven.

I 2010 så fekk Valdreskvelven ei pengegåve frå **Arvid Ivan og Solveig Jacobsen Myhre**. Dette er blitt til eit mingefond. Valdreskvelven har laga desse retningslinene å få penger frå dette fondet:

Fellestiltak for ungdom i Valdreskvelven, som til dømes;

Innkjøp av bøger og skrin – Reisestøtte til deltaking på stemne og liknande – Styret kan og finne andre gode føremål. Viktig: Fondet skal gå til ungdom!

I desember 2011 fekk me tildelt eit eige rom på Åsvang grendahus. Det var Vang kommune ved skule og kultursjef Jon Eggen, som tok den avgjerda. Me hadde håpa å få eigen nøkkel til dette rommet, men på grunn av reglar innafor brannsikring så gjekk ikkje dette.

Igjen vil vi trekke fram, at i tillegg til dei aktivitetane som er nemnd, deltek medlemma i laget på forskjellige måtar; spelar til underhaldning, held kurs, er dommarar, køyrrer, er publikum, organiserar og stiller som vaktar på dei store arrangementa i Valdres folkemusikkklag, for å nemne noko. All deltaking er av det gode, så tusen takk til alle.

Vang mars 2012

Oddbjørn Skeie
Skrivar

Ingrid Skavhaug
Leiar